

Sjå på fuglane

Rønnaug Kleiva: Fuglane kor dei flyg.
Det Norske Samlaget 1988.

Rønnaug Kleiva, sunnmøring fødd i 1951, har før gjeve ut diktsamlingar for vaksne. I år er ho på marknaden med ei barnebok, meiner forlaget. Ja, gjerne det, men «Fuglane kor dei flyg» er nok like mykje ei bok for vaksne. Orda er rett nok lagde i munnen på ei lita gardjente, men dei små prosadikta har ærend til alle årsklassar. Borna vil truleg få mest glede av boka om dei les og opplever saman med vaksne.

Rønnaug Kleiva sin vesle eg-person er både gløgg og kvikk. Her er rom for humor:

**tante fekk katt
slik at ho ikkje skulle
røyke meir.
Onkel røyker ikkje.
Ikkje katten heller.
Men dei har tante.**

Jenta i boka opplever mykje, men det som står sterkast er det fine tilhøvet mellom henne og bestefaren:

**Når det er fint ver,
og eg er hos bestefar,
og han spring frametter vegen,
og eg spring etter,
og han seier:
sjå på fuglane kor dei flyg,
då er det fredeleg å leva.**

Så kjem bestefaren på sjukehus, og han døyr:

**Fyrst døydde katten til bestefar.
Så døydde bestefar.
Eg har hatt 5 kattar,
3 heitte Timian,
og 2 heitte Sissi,
og alle døydde.**

Og: «Eg er like flink til å arbeide som bestefar.»

Jau, nett slike ungar er det som kan ta opp arven etter bestefar. Rønnaug Kleiva har funne ein tone som når inn til det beste hjå dei fleste. Dette er altså inga eintydig barnebok - som all god lesnad, høver ho for alle.

Sigbjørn Heie